

Årsmelding Vang historielag 2007

(meldingsåret 1.3.2007 – 11.3.2008)

Årsmøtet i 2007 vart halde på Klokkarhaugen 1. mars. 13 av laget sine medlemmar var til stades.

Styret har i meldingsåret vori samansett av:

Harald Olav Jevne	- kasserar
Ove Bunde	- skrivar
Randi Holien	- styremedlem
Jan Sparstad	- styremedlem
Inger Sørum	- styremedlem

Styret har fungert utan leiar dette året.

Varamedlemar til styret har vori:

Andris Kvam og Berit Oldre

Årsmøtet valde Aslaug Gjevne og Frank Jacobsen til revisorar.

Valnemnd har vori:

Katharina Sparstad

Nils Rogn

Kirsten Kvam

Satsane for årspengar til Vang historielag for 2007 vart ikkje endra frå året før, dvs. kr. 50 for einskildpersonar, kr. 75 for familie.

Årsmøtet vedtok å honorere den som innehar leiarvervet med kr. 2 000 og kasseraren med kr. 1 000 i året.

Styreaktiviteten

Styret har hatt 6 møte i meldingsåret. Saker som har vori handsama og arbeidd med er minnesmerkemarkeringa av Knut Hermundstad, Løngt o' løgle-kveldar, turar, flytting eller ikkje flytting av minnestøtta av Johannes Belsheim på Vangnes, finansiering og organisering av bokutgjeving, presentasjon av "Boke um Ryføss", planlegging av "dugnad for skolehusene", planlegging av utstilling / markensdag i Thorpe skulehus i 2008 samt ymse relevant laust og fast av historisk og dagsaktuell verdi.

Knut Hermundstad heidra

9. mars arrangerte Vang historielag "fest" for folkeminnegranskaren Knut Hermundstad. Vel 50 personar møtte fram denne fredagskvelden på Vang Folkebibliotek. Den næraste familien til Hermundstad var spesielt invitert, og svært gledeleg var det at dottera Ingebjørg Riiser frå Larvik, hennar tre døtre Kari, Berit og Liv frå Oslo og Fresvik i Sogn samt Knut Hermundstad Østmoe frå Skedsmokorset med kone og to unge søner kom. Knut Hermundstad Østmoe er son av Kjellaug. Ingen av døtrene Kjellaug Hermundstad Østmoe og Arnlaug Hermundstad Aukrust (båe busett i Oslo) hadde helse til å kome på markeringa. Det var ei stor ære for Ingebjørg å få avduke minnesmerket, eit portrett av faren i glas og ramme, meisterleg godt teikna av 21 år gamle Marit Ødegården frå Vang.

Sigfred Hovda heldt eit framifrå godt og levande kåseri om barne- og ungdomsára til Hermundstad, om hardt arbeid og tøffe tak for eldstemann i ein syskenflokk på 6 i Øye kring århundreskiftet 1800 – 1900. Sigfred skildra livet til Hermundstad så levande at publikum kunne sjå for seg og høyre guten, mannen og personlegdomen Knut Hermundstad etterkvart som han målmedviten, myndig og stilt arbeidde seg fram til både å greie kvar dagslege bragder, ta lærarutdanning og virke i lærargjeringar der han sette djupe spor etter seg.

Etter ei god matøkt med lefse, rakfisk, heimebrygga øl, heimebaka kringle, kaffe og te, gav Ivar Aars eit oversyn over bok-, skrift- og artikkelproduksjonen til Knut Hermundstad, også *det* svært interessant. Ingar Ranheim avrunda kvelden med å fortelje om Hermundstad sitt virke i nasjonal samanheng, og om kor avgjerande Knut Hermundstad sin innsats var for å redde Valdres Folkemuseum og leggje grunnlaget for den institusjonen museet er i dag.

Som takk for interessante, gode og glødande føredrag fekk kvar av dei tre kåsørane ei korg med friske blomster. Marit Ødegården fekk ei flott sølje laga av Inger Norunn Solhaug som takk for sitt gode teiknearbeid.

”Når det regnar på presten, så dryp det på klokkaren”, seier eit ordtak: Knut Hermundstad fekk sin velfortente heider, og Vang historielag hausta lovord og ros for eit godt gjennomført arrangement.

Løngt o' løgle

vart arrangert fredag 15. juni i Sørre Kvam. Særskild invitert var Åge Hovengen, og han hadde mange gode historier å fortelje m.a. frå si tid på tinget. 25 personar var samla i støga i gamle gardshuset. Kirsten og hennar gode hjelparar serverte kvikako med rømme og syltetøy, kaffe og te.

Fredag 23. november vart det Løngt o' løgle på Øye skule. Der var 21 forteljarviljuge og lattermilde personar samla til ein triveleg kveld. Heimebaka kaker, kaffe og te vart servert. Både Løngt o' løglekveldane har vori leia av Sigfred Hovda.

Busstur til Bagnsbergat'n

var planlagt til søndag 15. juli. Turen vart avlyst fordi vegen opp til Bagnsbergat'n frå Bagn var graven ut etter det kraftige regnveret som nettopp hadde vori. 6 personar hadde meldt seg på turen.

Hausttur

var planlagt til Hødtinden i Øye søndag den 2. september. 6 personar (inkludert turleiaren Sigfred) møtte opp på parkeringsplassen ved Tyin. Grunna delvis sterk vind og utrygt for regn, valde turfølgjet å køyre på Rødalen og gå opp til stølsbue som Andris på Kjerstein restaurerte ferdig sist på 80-talet. Dette vart ein fin og triveleg tur, med rast i solveggen og utsyn over Hugakøllen, Vangsmjøse, Vennis m.m.

Ny bokutgjeving

Sigfred Hovda presenterte ”Boke um Ryföss” på eit arrangement historielaget hadde på Fossevang i Ryfoss onsdag 7. november. Godt og vel 60 interesserte møtte fram for å høyre Sigfred fortelje om bokprosjektet og lese litt frå boka si. Dei fleste nytta også høvet til å kjøpe både ei og fleire bøker signert av forfattaren denne kvelden.

”Boke um Ryföss” vart trykt opp i ca. 600 eksemplar. Interesse for boka synte seg å verte enorm, og så å seie alle bøkene var utselde til jul. Historielaget tilbaud 9. klassa på VBU å selje boka i Vang samt i Lomen og på vestsida av Ryfoss mot at dei fekk 10 % av salssummen, dvs. 25 kroner pr. selde bok. Dette utgjorde kr. 7 300,-.

Det høyrer med til historia at 9. klassa gladeleg gjorde denne jobben ettersom dei sparer pengar til ein Spania-tur til hausten 2008.

Joker’n i Ryfoss har òg hatt boka for sal, og om lag 120 bøker har vorti selde derifrå.

Vang kommune støtta historielaget med kr. 30 000 til trykking av ”Boke um Ryföss”.

Ettersom denne bokutgjevinga vart ein formidabel suksess og ”Boke um Ryföss” ein bestseljar i øvre Valdres, vedtok styret i samråd med forfattaren å få trykt opp att 300 bøker til på nyåret.

Valdres trykkeri var noko rause, ettersom det kom omtrent 100 bøker attpå båe gongane dei trykte ”Boke um Ryföss”. Det er såleis gjeve ut om lag 1000 eksemplar av boka.

Vardevandring – Hugakøllin

570 namn er innskrevne i boka i perioden 9. juni til 14. oktober 2007.

På styremøtet 7. november vart Wenche Fagge frå Vestre Slidre trekt ut som den heldige vinnar av Hugakøllpremien 2007, ”Boke um Ryföss”.

Medlemstal

Pr. 31.12.2007 har Vang historielag 89 medlemmar.

Innbetalt kontingent til laget utgjør kr. 3 650,- for 2007.

Økonomi

Pr. 31.12.2007 hadde Vang historielag kr. 153 954,- på konto i Vang Sparebank og kr. 36,- i kontantar / kasse.

Vang i Valdres, 11. mars 2008

Styret